Sunnfjord kommune
Landbruk og miljø

Vår ref	20/9695-4
Dykkar ref	
Saksbehandlar	Joar Helgheim
Dato	02.07.2020

Jan Helge Hove
Naustedalen 222
6817 NAUSTDAL

Delegert vedtak: Tildeling av hjorteløyve Midtre Naustdal storvald 2020

Vedtak:

Sunnfjord kommune tildelar Midtre Naustdal storvald, i medhald av FOR-2016-01-08-12 (Forskrift om forvaltning av hjortevilt) § 18, 148 hjortløyver for år 2020.

Avskytinga skal følgje godkjend bestandsplan for Naustdal.

Midtre Naustdal storvald skal rapportere avskytingsresultatet seinast 10 dagar etter jaktslutt (3.jan 2021). Rapport skal leverast på skjema som ligg ved saka.

Vedlegg i saka:

02.07.2020	Tilbod om ettersøksavtaler_jakt2020	1373366
02.07.2020	0018_Midtre Naustdal Storvald	1373571

Saksopplysningar:

Tildeling (av frie hjorteløyver) følgjer av godkjend bestandsplan for Naustdal.

Eg minner elles om at det er krav tilgang til godkjent ettersøkshund for jakt på hjort, jamfør forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 23. For kommunale ettersøk har vi avtale med ettersøksringane i Sunnfjord. Ettersøksringane tilbyr også ettersøksavtaler til hjortevald, sjå vedlegg, om det skulle vere av interesse.

Dette vedtaket kan de påklage til Sunnfjord kommune.

Klagefristen er 3 veker etter at de har motteke melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt den dagen fristen går ut.

Klaga skal vere underteikna og de skal vise til vedtaket. Vidare skal de grunngje kvifor de klagar og elles vise til den/dei endringar de ynskjer. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, ber vi om at de gjev opp kva tid de fekk denne meldinga.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.